

Referat FAU-møte 22. november 2023

Desse møtte: Irene Sanden (SFO), Marlen Trovåg (3. og 6. klasse), Anita Einen (4. klasse), Gro Frøyen (5. klasse), Gunn Marit Fosseid (7. klasse), Mari Eide (8.klasse), Silje Alvheim (9.klasse), Renate Njøtøy (10. klasse)

Sak 1. FAU diskuterte fordelar med 5 dagers veke for 1.-4. klasse då dette jamnleg kjem opp som eit tema. Det vart diskutert fordelar og ulemper med 5-dagers veke. Det er ikkje klar meining i FAU om det eine eller det andre. Det kunne vore interessert å høyre skulen si meining om dette. Dette vert ikkje aktivt diskutert frå kommunen si side per i dag. Kanskje ein diskusjon som stig fram etter at brua kjem? Foreldre i barnehagen er gjerne dei som evt. Må diskutere dette.

Sak 2: Framlegg frå skulen om avspaseringsdag for ungdomsskulen onsdag 29.11.23 p.g.a rydding av gamle ungdomsskulen før riving. Dette er ok frå FAU si side.

Sak 3: Orientering frå leiar i FAU Anita Einen etter møte med rektor.

- Bruk av instagram. Komt spm. frå foreldre om bruk av instagram når ei anbefalt aldersgrense på instagram er 13 år. Kvifor brukar ein instagram framfor heimesida? Rektor svarer at instagram er meir retta mot omdømmebygging og målgruppa er ikkje elevane. Målgruppa kan vere evt. Jobbsøkjrarar. Konklusjonen er at at det er viktig å få skulesida opp å gå på kommunen si heimesida der ein kan få ut informasjon og bilete retta mot foreldre/elever slik ein tidlegare hadde på heimesida til skulen.
- Bruk av skjerm til undervisning. Foreldre etterlyser ei heilheitsvurdering av bruk av skjerm og særskilt speling i undervisninga. Er det ein plan for det faglege innhaldet ved å bruke skjerm/speling? Kor er læringsutbytet? Foreldra er ikkje i mot skjermbruk og speling, men ein opplever at det kan bli litt for mykje fordi lærarane kan bruke det i «sine» fag utan å samordne dette med dei andre lærarane, slik at det plutsleget kan bli Minecraftspeling i fleire fag i løpet av ein dag. Rektor skulle vidareformidle dette til faglærarane. Foreldre understreka viktigheten av å ikkje berre vere digitale. Td. Lesing på skjerm er ikkje alltid så heldig.
- I møtet med rektor vart det tatt opp ressursbruk. Kvifor er det td. 3 vaksne i gymtimen og berre ein voksen i fagtimar? På førehånd trudde ein at ein trengte mange voksne i gymtimen, men det viste seg å ikkje stemme og ein har omdisponert dette.
- I møtet hadde det blitt sett spm. om det er nødvendig med fellesdel på foreldremøta. Er dette berre «slik har vi alltid gjort det» eller er det behov for det?
- Sosial handlingsplan blei snakka om og ein var einige om at denne ikkje er godt nok forankra.
- I den mellombelte ungdomsskulen manglar det fellesområde for heile ungdomsskulen. Ein prøver å få til fellesmåltid og samling av elevane i vestbylen i Idrettsbygget. Ungdomskoordinator har sagt seg villeg til å hjelpe til å få dette til.
- Siste skuledag vert onsdag 20. desember. Det vert skuledag også for 1.-4. klasse denne onsdagen, sjølv om dei eigentleg har fri.

Sak 4: Juletrefest 28. desember 2023 kl. 17.00

FAU planlegg å lage til ei god gammaldags juletrefest i Grendahuset i Romjula.

Julenisse, gå rundt juletreet, sangar på storskjerm, oppfordre gjestane til å ta med kaker, påsmurte rundstykker, frukt osv. FAU stiller med kakao, saft og kaffi.

- Snakke med julenis og musikk – Anita

- Snakke med pensjonistlaget om dei kan bidra, sidan mange av oss i FAU så vitt hugsar korleis ei god gammaldags juletrefest var - Marlen
- Høyre med 9. og 10. klasse om dei tar på seg jobb med underhaldningsinnslag(ca. 10-15 min) og vask av lokalet. - Renate og Silje
- Snakke med SFO om dei kan lage julelenkje til juletreeet – Mari
- Juletre – Marlen
- Sangar på storskjerm – Irene
- Sjekke julepynt og lys med ungdomslaget og Solund skulemusikk – Irene og Marlen
- Lyd – Gro/Thomas
- Handle inn – Anita og Gunn Marit
- Lage til julegåver – Alle i FAU, Marlen styrer
- Handleliste: saft, kakao, kaffi, serviettar, krem, kringle, mandariner, pepperkaker, non stop, julekorg, loddbøker